

Brattland

Av Knut Raastad, 2017



Brattland gnr. 70 bnr. 1 ligg i Nordherad nedanfor Kvarberg. Brattland er nemnd 1574-1577 som Brattlandt, Brattlandt i 1604, Bratland i 1668 og 1723.

I jordebøker 1577 og 1588 er ikkje Brattland med, men i 1598 er Brattland med. Bygningsskatten 1604 nemner Brattland som øydegard.

Koppskatten 1645 nemner Erik Bratland og hans hustru.

Skattematrikkelen 1647 og jordebok 1661 nemner Brattland som øydegard og Peder Brattland er brukar av 1 hud som tilhøyrrer prestbolet.

Manntalet 1666 nemner Bratland med skyld 1 hud og reknar garden som «øydegard». Oppsitjar er Peder Enersøn som brukar Bratland under sin gard Lye. Matrikkelen 1668 nemner Bratland på 1 hud og at den tilhøyrrer Vågå prestebol.

Brattland er ikkje nemnd i skoskatten 1711. Kan Brattland ha vore brukt saman med Lye fram til Anne Lye og Ola Valde starta her ca. 1770?

Ola Engebretsen Valde 1737-1812 var son til Engebret Johannessen Valde f.ca.1690/1695 og Tora Jonsdtr.Helle f.ca.1700 d.etter 1755. Ola vart 1768 gift med Anne Johannesdotter Lye 1752-1805 dotter til Johannes Iversen Kvarberg n. (på Lye) 1724-1802 og Karen Jakobsdtr. Lye 1723-1773. Ola og Anne kom til Brattland, dei hadde 6 barn:

Johannes f.1770 d.etter 1801, «vanvittig»

Jon 1772-1846, neste brukar

Gunhild 1775-1818

Kari f.1777

Ole 1782-1840, g.m. Marit Olsdtr. Einstulen Råstadeie. Rydda Steindalen.

Tore f.1785

Brattland er frå 1803 nemnd som såkalla sjefsgard og nytta av Vågeske kompani 1812-1817. I perioda 1818-1850 er den nemnd som overtallig og avhenda i 1850.

Jon Olsen Brattland 1772-1846 er nemnd som «National soldat». Han vart 1798 gift med Rønnaug Olsdotter f.1773, dei hadde 8 barn:

Engebret 1798-1876, neste brukar

Gunhild f.1800, g.m. Rasmus Isaksen Stordalen f.1801. I Stordalen

Anne f.1803

Gunhild d.y. 1805-1814

Ole 1808-1872, g.m. Gunhild Halvorsdtr. Felleseeløkken f.1816, i Dalen og på Ulsbu

Torø 1810-1877, smb. m. enkemann Knut Gudbrandsen Rusnes 1804-1866, 2 barn

Ole f.1813 ?

Kari f.1816 ?

Engebret Jonsen Brattland 1798-1876, g.1834 m. Barbro Gudbrandsdtr. Rusnes 1799-1887
dotter til Gudbrand Knutsen Huden 1770-1821 og Kari Olsdtr. Storvik s. 1774-1860.

Engebret og Barbro flytte seinare til Svelstad i almenninga, dei hadde 3 barn:

Jon 1834-1900

Gudbrand f.ca.1838, til Christiania i 1872

Ivar f.1840

Etter at Engebret Jonsen hadde flytta til Svelstad kjøpte Øisten Johnsen Valde i 1850
Brattland som til da hadde vore offisersgard. Øistein Johnsen Valde s. 1816-1876 var son til
John Ivarsen Valde s. f.1786/87 d.1866 og Kari Jakobsdtr. Sandbu n-n 1779-1867. Øistein
vart 1846 gift med Ingeborg Olsdotter Viste ø 1825-1912 dotter til Ola Iversen Viste 1776-
1852 og Guri Thorsdtr. Olstad (Sel) 1793-1852. Øistein og Ingeborg hadde 2 barn:

John 1846-1873

Kari 1854-1935, neste brukar

Kari Øisteinsdotter Brattland 1854-1935 var gift med Pål Olsen Rostad (Lom) 1848-1924 son
til Ola Olsen Rostad 1812-1879 og Marit Øisteinsdtr. Kvamme 1816-1860. Kari og Pål kan ha
overteke i 1878 for da er det føderådsbrev til mor hennar Ingeborg Olsdotter. Det er
auksjonsskjøte til Ingeborg Olsdotter i 1891 så truleg har ho stått som eigar frå 1891,
testamente frå Ingeborg Olsdotter til Kari Ø Brattland er tinglyst i 1910. Kari og Pål hadde 3
barn:

Ingeborg 1877-1969, g.m. Anders Gudbrandsen Strand n. 1878-1954. På Strand n.

Marit f.1880, d.i Oslo

Ola f.1887, g.m./skilt Minda Mørdre (Romedal), g.m. Ingebjørg Olstadbakken (V.Gausdal)

Ingeborg 1877-1969 og Anders Strand hadde 5 barn. Ingeborg hadde med Ola Pålsen
Andvord (Austrem n.) 1862-1918 sonen Øistein Olsen Brattland 1901-1987. Øistein overtok
Brattland etter besteforeldra i 1922. Øistein vart 1926 gift med Marie Olsdotter Hovde 1906-
1994, dei hadde 3 barn:

Ymbjørg 1927-1995, neste brukar

Aase f.1937

Sigrid f.1940

Ymbjørg Brattland 1927-1995 vart 1950 gift med Johan Bleka (Øyer) 1925-1994 son til
Daniel Bleka og Marie Vangen. Ymbjørg og Johan overtok Brattland i 1957, dei hadde 3
barn:

Randi f.1951, g.m. Knut Strangstadstuen

Øystein f.1954, neste brukar

Solveig f.1961, g.m. Kristen Storlien (Lom)

Øystein Bleka overtok Brattland i 1980. Han var gift med Inger Marie Jutulstad (Øyer) f.1955
dotter til Halvor Jutulstad f.1929 og Reidun Ourom f.1929. Øystein og Inger har 3 barn:

Jan Håvard f.1976

Mariann f.1980, neste eigar

Øyvind f.1986

Mariann Brattland f.1980 overtok Brattland i 2010. Ho var gift med Tor Erik Moen, dei har 1
son:

Kristian

I 1668 vart det på Brattland fødd 8 fe, det var 1 hest og det vart sådd 1 1/2 tønner.

I 1865 var det på Brattland 3 hestar, 12 kyr, 20 sauer, 10 geit og 4 grisar. Det vart sådd 6 tønner bygg, ½ tønne blandingskorn og 3 tønner poteter.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slechter i Vågå og Lom, Sygard Valde med grenene på Brattland og Visdal

Norske Gardsbruk 1953-1997

Waageske compagnie: div. avskrifter

Opplandarkivet Vågå: avskrifter panteregister, pantebøker mm.

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Jordebøker 1500-talet, bygningsskatt 1604

Folketeljing 1865

Jakup Skjedsvoll: avskrifter av jordebøker mm.